

Haut program 2011

Tysdag 6.september kl 19.30
Gjøkeredet




Gjøkeredet (One Flew Over the Cuckoo's Nest)
Regi: Milos Forman (USA 1975) 2t 14 min

Jack Nicholson spelar McMurphy som sonar ei valtektsdom. For å sleppe straffearbeid forsøker han å simulere gal med ynskje om å bli send til mentalinstitusjon. Filmen fekk heile fem Oscar, blant anna for beste mannlege hovudrolle.

Sjå youtube klipp: <http://youtu.be/jReNeEHH2IQ>


Tysdag 20. september kl 19.30
Djvelens trekkspill



Regi: Ciro Guerra (Colombia 2009) 2t 4min

Filmen er ei reise med musikken gjennom Colombia, eit vakkert land med kulturelt og geografisk mangfald. Ignacio har heile livet reist frå landsby til landsby for å underhalde med trekkspillet sitt. Rykta seier at instrumentet er forhekka av djvelen sjølv.

Tysdag 4.oktober kl 19.30
Treet



Regi: Julie Bertuccelli (Australia 2010) 1t 48min

Treet handlar om ei mor(Charlotte Gainsbourg) og dotter som må forsone seg med tapet av ein ektemann og far. Utanfor huset til familien ruvar eit majestetisk tre. Treet vert staden der dottera kan sørgja, og treet responderer.

<http://www.youtube.com/watch?v=N8hltJpHyUE>

Tysdag 18.oktober kl 19.30
Elina - som om jeg ikke fantes



Regi: Klaus Härö (Sverige 2002) 1t 17 min

Lagt til naturskjønne omgivelser i Nord-Sverige på 50-talet fortel filmen historia om ni år gamle Elina og hennar kamp for rettferd og sjølvrespekt. Få tør å stå på hennar side i det vesle samfunnet. Ein vakker og viktig film som har vunne mange internasjonale prisar.

Tysdag 1.november kl 19.30
Lars von Triers Fem benspænd



Regi: Lars von Trier og Jørgen Leth (Danmark 2003) 1t 30min

Lars von Trier utfordrar regissøren av Det perfekte mennesket frå 1967, Jørgen Leth til å lage filmen på nytt, fem gongar og under stadig verre føresetnader. Von Trier set førebiletet sitt på prøve. Resultatet er ekstrem nærlesing og eit studie i filmkunst og -ideologi.

Tysdag 15. november kl 19.30
Winter's Bone



Regi: Debra Granik (USA 2010) 1t 40min

Winter's Bone syner eit Amerika ein sjeldan ser på filmleserretet. Handlinga går føre seg i skogane i djupaste Missouri, prega av fattigdom og kriminalitet. Den unge Jennifer Lawrence har fått mykje merksemd for rolla som den standhaftige og omsorgsfulle Ree i hennar odysse gjennom eit kaldt og omsynslaut samfunn.

Tysdag 29.november kl 19.30
Still Walking



Regi: Hirokazu Kore-eda (Japan 2008) 1t 55min

Familien Yokohama samlast kvart år hjå foreldra for å minnst den avdøde eldstesonen. Me følger dei gjennom ein varm sommardag kor konfrontasjonar er uunngåelege. Den særlege japanske familiekulturen er lågmælt, men og humoristisk skildra.

Tysdag 13. desember kl 19.30

Aguirre - jakten på Eldorado (gudenes vrede)



Regi: Werner Herzog (Vest-Tyskland 1972) 1t 34min

Filmen baserar seg på verkelege hendingar i Amazonas rundt 1560. Gjennom mytteri har Aguirre(Klaus Kinski) overteke kommandoen over eit følgje på jakt etter den legendariske "gullbyen". Følgjet tek seg fram langs Andesfjella og ned i jungelen, med blant anna blytunge kanonar.